

**SAK 49/18 HØYRINGSUTTALE – KUNST OG KULTURSTRATEGI FOR
BUSKERUD 2019 – 2022****Saksopplysning**

Kommunane i Hallingdal ved kultursjefane har gjeve ei samla uttale i forhold til [Kunst og kulturstrategi for Buskerud 2019 – 2022](#). Det er eit ynskje at Regionrådet for Hallingdal støttar uttala.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal støttar høyringsuttale frå kommunane i Hallingdal dat. 25.10.2018, vedr. Kunst og kulturstrategi for Buskerud 2019 - 2022

Ål 23.11.2018

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

Høyringsuttale frå kommunane i Hallingdal dat. 25.10.2018, vedr. Kunst og kulturstrategi for Buskerud 2019 - 2022



Buskerud fylkeskommune, utviklingsavdelinga
Postboks 3563
3007 DRAMMEN

Dykkar ref.

Vår ref.

18/02672-3

Dato

25.10.2018

Høyringsuttale frå kommunane i Hallingdal - Kunst og kulturstrategi for Buskerud 2019 - 2022

Alle kultursjefar i Hallingdal har faste møte gjennom året. Her kjem ei samla høyringsuttale frå oss.

Mål 1: Å fremje identitet og tilhøyre til ein stad

Folkedans og folkemusikk er definert av UNESCO som vår felles immatrielle kulturarv. Altså levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk. Folkedansen har djupe røter og lange tradisjonar i Hallingdal. Mange sterke navn har vore knytt til regionen gjennom generasjonar med Hallingdans og –spel.

Å kommune bygger og driftar SPRANG- Landsdelsscene for dans; eit kompetancesenter som skal ta vare på og formidle Hallingdansen spesielt, og dans generelt. Som regionalt fyrtårn for folkedans vil Sprang kunne levere produksjonar til bruk i heile regionen.
Hallingdalskommunane etterspør ei meir forpliktande signal frå BFK når det gjeld økonomisk spleiselag inn i drifta av SPRANG.

Festivalar som profilerar folkemusikk og som er støtta av Kulturrådet eller/ og Buskerud fylkeskommune:

- Fauskivalen i Hemsedal- møteplassen for rocka folkemusikk og folkeleg rock. Ni år gammal festival.
- Folkemusikkveka er den eldste folkemusikkfestivalen i landet vårt.

Mål 3: Å sikre profesjonalitet og innovasjon

Korleis skal me klare å ta vare på kulturarbeidsplassar i distrikta?

Kreative næringar og samarbeid med reiselivet vil gje framtidig sysselsetting. Kreative næringar og opplevelsesnæring er næringar i vekst. Tilrettelegging for møteplassar og

kreative miljø vil styrke attraktivitet og tiltrekningeskraft til regionar, i dette tilfellet Hallingdal. Kan me vidareføre eit arbeid for kreativ næringsutvikling i Hallingdal?

Leveld kunstnartun er ein kreativ nyskaping som Hallingdal ser god nytte av. Tradisjonelt, tredelt, offentleg speiselag ligg til grunn for drifta!

Me meiner at utkastet til plan er bra, med klare satsingspunkt og konkret opplisting av eksisterande satsingar. Me ynskjer å kommentere nokre av punkta spesielt:

4.2.2. I Hallingdal opplever me at konsolideringa av Buskerud teater i liten grad har gitt oss det som var lova; auka tilgang på instruktørhjelp og kompetanse.

4.2.3 Kan BFK forplikte seg sterkare til å gå inn i eit framtidig, økonomisk spleiselag rundt drifta av Sprang.

4.3 Visuell kunst: Me ynskjer å supplere med «Kunstlandskap Nesbyen»: Eit kunstformidlingsprosjekt om nasjonalromantikken som vert realisert i planperioden.

4.3.2. Det er viktig at planen er open for nye satsingar i planperioden

4.3.8. Bra at BFK forpliktar seg til framtidige driftstilskot.

4.6.1. I Hallingdal opplever me at konsolideringa av Buskerudmusea i liten grad har gitt oss det som var lova, med styrka formidling, styrka finansiering og auka kompetanse på kulturminnevern. Det er bra at BFK vil ta ein aktiv rolle i arbeidet opp mot auka statleg finansiering.

4.6.2. Kulturarvopplevelingar- ei bra satsing. Veldig relevant for Hallingdal, som er ein stor reiselivsregion i Buskerud.

Kap 6 Me ynskjer oss DKSS støtta attende. Det er små tilskot som bidreg til auka aktivitet lokalt.

Kap 7 Stor støtte! Fokus på ungdom og nye landsmenn.

Kap 8 Burde Fauskivalen nevnast innanfor nisjefestivalar? Bra at det er opent her, for nysatsingar i planperioden.

Kap 10 SPRANG blir ein leverandør av lokale produksjonar innan folkemusikk og –dans.

Med helsing

Hilde Løkensgard Bjørnsvik
kultursjef i Ål kommune

På vegne av kommunane i Hallingdal: Hol- Ål- Gol –Hemsedal- Nes og Flå

Godkjent og ekspedert utan underskrift